




**SJH**  
sogn jord- og hagebruksskule



Norsk Gardsost, Ressurssenteret SJH og Kompetansenavet Vest inviterer til Ostetur til Frankrike:

# Ystekurs i dei franske alpane

## 13. til 19. mars 2010

Me prøver ein ny vri på årets studietur og satsar på eit opplegg der me bur på ein plass og yster ein ny ost kvar dag sammen med Eric Randu i ysteriet hans i den lille landsbyen Montbardon, i Queyras. I tillegg vert det ein kursettermiddag med ein rettleiar/spesialist på mjuk løpeost (Reblochon). Queyras er ein av Frankrikes regionale naturparker, på grensa mot Italia, og i staden for å køyra mykje rundt som me har gjort tidlegare år, satsar me i år på å bruke fritida til å bli kjent med området på ski, med truger eller til fots.



<http://www.queyras-montagne.com/>

Guidane vert Pascale Baudonnel (turleiar og omsetjar) og Ragnhild Nordbø (turleiar og skrivar)

Me vert 14 stk på turen, 12 deltakarar og 2 reiseleiarar.

*Velkommen til ei veke med ystefelleskap i vakre fjell. Eit fjellskar like ved Montbardon heiter "le Col de Fromage", Osteskaret, så me kjem bokstaveleg talt midt i smørauget!*

Ressurssenteret på SJH og Kompetansenavet Vest

## Program:

### Laurdag 13. mars:

Reisedag. Me møtes på flyplassen i Lyon og køyrer derfrå i 2 bilar til Montbardon i Queyras der ysteriet til Eric Randu ligg. Me satsar på å vera i Lyon seinast kl 18:30, for å køyre austover til Montbardon.

### Søndag 14. til torsdag 18. mars:

Ysting frå tidleg om morgonen, til lunsj når me er ferdige. Det blir mellom anna Bleu du Queyras, ein aromatisk mild blåost, mjukost med både mugg og vaska skorpe, Raclette, Tome og ferskost. Han brukar bære ku, geit og søyemjolk, upasteurisert, og både modnar og sel osten sjølv, så me får innblikk i alle sider ved eit ysteri i drift.

Ein av ettermiddagane vil me bruke på eit møte med Bruno Mathieu som er fagansvarleg for Reblochon faglaget. Hovudtema då vert kvalitetsikring av halvfastost i høve *Staph. aureus*, men også andre fagspørsmål etter deltakarane sine ynskje. Meld frå om ynskja tema ved påmelding.

### Fredag 19 mars

Heimreisedag. Me satsar på å reise frå Montbardon tidleg om morgonen, så ein bør bestille fly frå klokka 10 og utover. Dette kjem vi attende til når det blir tid for å bestille billettar.

## Referat frå turen:

Ragnhild skriv eit fyldig referat frå ystevеka. Dette blir eit fagleg dokument me kan ha nytte av i mange år framover.

## Overnatting

Me skal bu og eta på det lille herberget Cadran Solaire, [www.cadran-solaire.net](http://www.cadran-solaire.net)


Me har bestilt dobbeltrom til alle, men om nokon vil spare nokre kroner og bu 4 på rommet, så er det hove til det. Om nokon helst vil bu på enkeltrom skal me freista fiksa det.

## Reisa til Lyon:

De vil få beskjed så snart me har nok deltakarar, og det er sikkert at det blir tur, slik at de kan kjøpe billegast moglege flybillettar til Lyon.

## Fritid:

Det er høve til å gå tur i fjellet om ettermiddagane, dette kan vera på truger, langrennsski, alpin eller telemark. Det er snø på denne tida, så dei som vil gå til fots må gå på vegane. Me kartlegg kva de vil vera med på etter at det er klart kven som skal vera med på turen. Evt. heiskort og leige av turutstyr betalast av kvar enkelt der nede, og inngår ikkje i turprisen.



## Pris:

Turen koster 8000 kr om du bur på dobbeltrom. Da er reisa frå Lyon til Montbardon og attende, ystekurs, oversetting og kursrapport, samt overnatting, frukost, lunsj og middag inkludert.

## Påmelding:

Til  
Ressurssenteret  
Sogn Jord- og hagebruksskule  
5745 Aurland  
57632650  
[paamelding.sjh@sfj.no](mailto:paamelding.sjh@sfj.no)

***Påmeldingsfrist:  
15. januar***

Opplys når du melder deg på, om kva overnatting du ønsker (antal på rommet) og kva fritidsaktivitet du er mest interessert i. Om det er spesielle fagspørsmål du vil skal bli teke opp på turen, så sei frå om det òg.

Sjå

**[www.sjh.vgs.no](http://www.sjh.vgs.no)**

for andre kurs me arrangerer, eller

**[www.gardsost.no](http://www.gardsost.no)**

for ystekurs generelt

